



Formann Harald Erdal (lengst til venstre) truga med å trekkja seg under omframårsmøtet. Vidare mot høgre sit Øystein Koløy, Johan Sunde og Knut Sjøwall. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Omframårsmøtet til Uskedal Båtlag på stemneplassen onsdag kveld vart prega av høg temperatur og sterke indre motsetnader. Formann Harald Erdal truga med å forlata møtet og vervet, men vart sittande etter ei tillitsvotering. Voteringa viste at åtte av dei 12 framømte hadde tillit til leiaren, medan fire ikkje hadde det.

Det låg ikkje an til nokon form for dramatik i utgangspunktet. Omframårsmøtet var innkalla på grunn av ei nødvendig vedtektsendring. For å kunne halda fram med dieselsalet og få eit organisasjonsnummer i Brønnøysund måtte båtlaget ha det nedfelt i føremålsparagrafen i vedtektene. No heiter det at føremålet til laget er å byggja og driva småbåthamn i Uskedalen og selja diesel til medlemmer og besøkande.

Samstundes vart funksjonsperiodane for styremedlemmene fletta inn i vedtektene. Det vart også gjort ein vedtektsendring det heiter at leiaren og kasseraren saman skal tilvisa rekneskapsvedlegg høgare enn 50.000 medan kasseraren har fullmakt til å tilvisa lågare summer. I dei gamle vedtektene var grensa 5.000.

Formannen opplyste ved starten av møtet at Terje Rød hadde trukke seg frå styret.

Rød hadde fremma eit forslag (om omsetnad av båtplassar, red. anm.) som han meinte ikkje kunne behandlast fordi det ikkje var sendt styret minst ein månad før møtet. Difor meinte han at møtet måtte utsetjast, men sakslista vart vedteke med sju mot fem røyster slik den var føreslege.

Det var under behandlinga av vedtektsendringa om tilvisinga av rekneskapsvedlegg dramatikken kom. Det skjedde då tidlegare revisor Terje Myklebust viste til ei sak om ein økonomisk transaksjon som utløyste sterk uro i båtlaget i fjor vinter. Myklebust sa at han ikkje kunne ha tillit til formannen etter denne episoden.

- Eg pakk saman hvis denne saka tas opp att no, uttala Erdal.

Noverande revisor Knut Sjøwall tykte det var utidig av Myklebust å ta opp att denne saka som han meinte var godkjent av årsmøtet. Hans Reidar Kjerland var ikkje einig i at det hadde skjedd nokon slik godkjenning.. Etter ein replikkveksling med relativt høg temperatur kom Sjøwall, som spela ein modererande rolle under møtet, med framlegg om tillitsvotering. Samstundes beklaga han at personmotsetnader hadde vorte openberra på

denne måten.

Dei som stemte for mistillit mot Harald Erdal var Kåre Rød, Terje Rød, Terje Myklebust og Hans Reidar Kjerland.

Av Ola Matti Mathisen



Omframtårsmøtet til båtlaget vart prega av høg temperatur. (Foto: Ola Matti Mathisen)